

# BJERKREIMS NYTT



**INFO TIL BJERKREIMBUEN  
MAI 2020**



# ORDFØRAREN SITT HJØRNE



## HEI, GODE SAMBYGDINGAR!

«Kom mai du skjønne milde»

Grønt gras, lam på vårbete, og våronn i heile bygda. Noko er i allefall framleis normalt, trass Covid 19 «lockdown». Nå er nokon av dei kommunale tenestane i drift igjen. Barnehagar og nokre skuletrinn er i full sving igjen, dog med nokre ekstra tiltak. Det er tydeleg at ungane set pris på ein god barnehage, og trygg skule. Eg har snakka med nokre lærarar som seier at det var godt å sjå igjen barna.

Det går mot lysare tider, myndighetene har betre kontroll på koronasituasjonen nå. Eg får lyst å sitera ein nyleg avdød «nasjonalhelt»; Jahn Teigen: «Jeg tenker opp når jeg er nede, for jeg er en optimist». Kloke ord!

Det er viktig i motgang å ha noko å sjå fram mot. Eg tenker alle hadde gleda seg til 17. mai i år. Som vanleg. Eg og! Men i år blir det ei annleis 17. mai-feiring. I tråd med myndighetene sine føringar. Men feiring skal det bli! Ein får gjera det beste ut av situasjonen. Eg håpar innbyggjarane blir med og feirar på denne «nye» måten i år; deltek med pyntar bilar, traktorar, og seg sjølv. Tek fine bilete og legg ut under emneknaggen #bjerkreims17mai2020. Det blir ei spesiell feiring av grunnlovsdagen. Men minnerik, det skal den bli. Så gler eg meg til tidenes lengste barnetog i 2021, med faner og korps. Og ikkje minst; stafetten på slutten av feiringa.

Det er ikkje alt som er like kjekt å gjera som politikar og ordførar. Ein av dei oppgåvane vi har er å sjå etter at drifta av kommunen er forsvarleg. Vi har i fleire år hatt liten vekst i barnefødslar, noko som over tid har gitt oss ein overkapasitet i barnehagesektoren. Det er trist, men det var nødvendig å ta grep i ein slik situasjon. Derfor vedtok kommunestyret nedlegging av Skjeraberget barnehage frå komande barnehageår. Alle barn skal sjølv sagt få barnehageplass i Bjerkreim då også. Mine tankar går til dei tilsette som mistar ein flott arbeidsplass. Det var med tungt hjarte at vi tok ei slik avgjerd.

Nå er gapahuken stort sett ferdig, på toppen av Vikeså. På Storafjellet har ei gruppe engasjerte innbyggjarar verkeleg laga eit flott turmål for alle. Eg gler meg til å sjå endå fleire Bjerkreibuar ta i bruk den flotte naturen vår, toppturane, og nyta friluftslivet. Det er ein av få ting som verkeleg ikkje går av moten i Covid 19-tida. Vi har god plass i naturen til å følgja regelverket.

Fleire er i gang med å planlegga sommarferien. Nokre skal kanskje ha tillegg ferie, nokre sein. Eg vil oppfordra til «Norgesferie» i år. Bruk mulegheitene landet vårt har. Om det er ei enkel løysing med teltpuggar og primus, eller hotell og bobil. Vi har mykje å tilby i det langstreckte landet vårt.

På Vikeså har vi nå klypt graset ved «kjærlighetsstien», eller kulturparken. Nå er dette ein flott plass til å ta med piknikkorga i vårsola. Det er fint for ungane å leika ved vatnet. Vi gler oss til å få utvikla dette området endå meir. Det er ikkje lenge til det nye klatrestativet også kjem på plass.

Vennleg helsing, Kjetil

**VIKESÅ TAXI**  
**51 45 19 00**



## POLITISKE MØTE MAI

Innkallingar/protokollar finn du på kommunen sine heimesider:  
[www.bjerkreim.kommune.no](http://www.bjerkreim.kommune.no)

**Kommunestyre:**  
Tysdag 05.05 AVLYST

**Formannskap/administrasjonsutval:**  
Tysdag 26.05 kl. 13.00

## SE VIDEO FRA 1980 – OG 90 – TALLETT!

Kulturkontoret har en del gamle videoopptak fra Bjerkreim på 1980 og 90-tallet. Dette materialet har nå blitt digitalisert, og vi vil etter hvert gjøre det tilgjengelig for publikum. Det vil bli lenke fra kommunens hjemmeside til disse videoklippene, og vi vil publisere ca ett nytt klipp hver gang Bjerkreimsnytt kommer ut. Det først klippet er et intervju med Børge Ødegård, gjort av daværende rektor på Vikeså skule, Håkon Bjorland.

Slik finner du filmen: Gå inn på Bjerkreim kommune sin hjemmeside. Klikk på

- Kultur, idrett og fritid
- Kultur
- Kulturkontoret.
- Nederst i denne artikkelen er det et underpunkt som heter «Lenke til digitaliserte videoer». Her finner du filmen om Børge Ødegård.

## FORSLAG TIL MEDDOMMARAR TIL OFFENTLEG ETTERSYN

Formannskapet behandla sakene om val av meddommarar til Sør-Rogaland jordskifterett, Dalane Tingrett og Gulatings lagmannsrett og val av forliksråd den 28. april. Forsлага frå formannskapet er jf. domsstolloven § 68 lagt ut til offentleg ettersyn på nettsida til kommunen, [www.bjerkreim.kommune.no](http://www.bjerkreim.kommune.no). Ev. merknader til forslaga må sendast til [postmottak@bjerkreim.kommune.no](mailto:postmottak@bjerkreim.kommune.no) eller Bjerkreim kommune, postboks 17, 4384 Vikeså, innan 25. mai 2020. Kommunestyret skal behandla sakene og gjera endeleg val av meddommarar og forliksråd den 16. juni 2020.

## KULTURIDLAR 2020

Søknadsfrist 15. mai.

Lag og organisasjonar i Bjerkreim kan søkje om kulturmiddlar frå kommunen. Elektronisk søknadsskjema ligg på heimesida vår: [www.bjerkreim.kommune.no](http://www.bjerkreim.kommune.no) under skjema, kultur og fritid. NB! Hugs å sende med årsmelding og rekneskap for 2019.


## BÅLFORBUD

Det er generelt bålforbud mellom 15. april og 15. september. Det betyr at det ikke er tillatt å tenne opp bål og grill, også engangsgrill, i eller i nærheten av skog og annen utmark. Det er heller ikke tillatt med bråte- og flatebrenning. I Norge må alle vise aktsomhet og opptre på en slik måte at brann ikke oppstår. Dette gjelder alle, hele tiden og over alt.

*Unntak*

Du har lov til å gjøre opp ild/ tenne bål dersom det helt åpenbart ikke kan begynne å brenne. Med åpenbart menes at det for eksempel ligger sno på bakken, eller at det har vært mye nedbør over lang tid.

Det er lov å grille på tilrettelagte grill- og bålplasser som er godkjent av kommunen. Det er lov å grille i din egen hage. Unntaka kan blir endra. Ta ev. kontakt med Eigersund brann og redning, sentralbord Eigersund kommune: 51468000



## INFORMASJON OM 17. MAIFEIRING I BJERKREIM 2020

På grunn av restriksjoner rundt smittevern ved korona – pandemien, vil 17. maifeiring i Bjerkreim i år måtte ha en annen form enn vanlig. Barnetoget byttes ut med et «biltog», og sceneshow blir vist som «drive – in» bak Bjerkreimshallen.

Ikke alle detaljer rundt dette er klarlagt ennå. Det vil derfor bli sendt ut et eget informasjonsark om årets 17. maifeiring til alle innbyggere ca 8. mai. Dette vil inneholde nøyaktige klokkeslett for aktivitetene, info om parkering, smittevernregler, og annen nødvendig informasjon. Det vil også stå hvordan man finner livestream av arrangementet, for de som velger å bli hjemme.

### Foreløpig program for dagen:

- Kl. 08.00 Flaggheising med musikkinnslag utenfor Bjerkreim omsorgssenter
- Kl. 09.30 Gudstjeneste sendes digitalt fra Bjerkreim kirke
- Kl. 11.00 Biltog fra Bjerkreimhallen, forbi Bjerkreim omsorgssenter, over Heia, gjennom Bjerkreim sentrum og Gjedrem, tilbake til Bjerkreimhallen
- Kl. 12.00 «Drive – in» sceneprogram bak Bjerkreimhallen. Taler for dagen, musikkinnslag mm. Salg av kioskvarer og kaffe inn i bilene.
- Kl. 13.00 Hele Norge synger «Ja, vi elsker»
- Ca kl. 13.15 Slutt

Info om arrangementet vil også stå på kommunens nettside.

## Månedens Sang

### Norge i rødt, hvitt og blått

Hvorhen du går i li og fjell,  
En vinterdag, en sommerkveld  
Med fjord og fossevell,  
Fra eng og mo med furutrær  
Fra havets bryn med fiskevær  
Og til de hvite skjær,  
Møter du landet i trefarvet drakt,  
Svøpt i et gjenskinn av flaggets farveprakt.  
Se, en hvitstammet bjerk oppi heien,  
Rammer stripen med blåklokker inn  
Mot den rødmalte stuen ved veien,  
Det er flagget som vaier i vind.  
Ja, så hvit som det hvite er sneen,  
Og det røde har kveldssolen fått,  
Og det blå ga sin farve til breen,  
Det er Norge i rødt, hvitt og blått.

En vårdag i en solskinnsstund  
På benken i Studenterlund  
Der sitter han og hun,  
To unge, nyutsprungne russ,  
To ganske nylig tente bluss,  
I 20 grader pluss.  
Hun er som en gryende forsommerdag  
Som farves av gjenskinnet av  
det norske flagg.  
Ja, så hvit som det hvite er kjolen,  
Og så rødt som det rø' hennes kinn,  
Hennes øyne er blå som fiolen,  
Hun er flagget som vaier i vind.  
Han har freidig og hvitlugget panne,  
Og en lue i rødt har han fått.  
Med en lyseblå tiltro til landet  
Står vår ungdom i rødt, hvitt og blått.

De kjempet både hun og han!  
Nå lyser seirens baunebrann,  
Utover Norges land.  
Mot himlen stiger flagg ved flagg  
Som tusen gledesbål i dag,  
For alle vunne slag.  
Det knitrer som før over hytte og slott,  
Et flammende merke i  
rødt og hvitt og blått.  
Som et regnbuens tegn under skyen,  
Skal det evig i fremtiden stå.  
Se, det glitrer på ny over byen,  
I det røde og hvite og blå.  
La det runge fra gaten og torget,  
Over landet som nordmenn har fått:  
Du er vårt, du er vårt, gamle Norge!  
Vi vil kle deg i rødt, hvitt og blått!





## BJERKREIM SYNGENDE KOMMUNE

skal hver måned ha en «Månedens Sang» som vi håper alle innbyggere vil lære, og synge. Månedens sang for mai er selvsagt «Norge i rødt, hvitt og blått».

Håper mange vil lære seg teksten, og bli med og synge denne på 17. maifeiringen i Bjerkreim.

## ONSDAGSKLUBBEN 3G

Turen 6. mai utgår.

## TUR TIL LINDESNES

Bjerkreim bygdekvinnelag sin planlagde dagstur til Lindesnes 13. juni utgår inntil vidare.

## SITAT FRÅ HELSENORGE.NO:

«Hvilke anbefalinger gjelder befolkningen generelt  
Alle skal holde mer avstand enn vanlig. Når vi er sammen, bør vi ikke være mer enn 5 personer samlet, og vi bør holde en fysisk avstand på minst 2 meter mellom oss. Avstanden gjelder både innad i gruppen og til andre personer. Dette gjelder ikke for personer som lever sammen til vanlig.»

På grunn av disse restriksjonene annonseres ikke noe under «Kva skjer»

## MINNER OM BÅNDTVANG:

Bjerkreim kommune har vedtatt utvidet båndtvang for hund. Det vil si at i Bjerkreim skal hunder, utover den lovfestede båndtvangen i perioden 1. april-20. august, holdes i bånd eller være forsvarlig innestengt eller inngjerdet i områder slik det fremgår av punktene under.

1. Hund skal holdes i bånd hele året i tilknytning til boligområder og handleområder, i parker, på kirkegårder, grav- og urnelunder, på og ved skoler, barnehager og anlegg for lek, idrett, sport eller rekreasjon.

2. I områder der husdyr har rett til å beite og faktisk beiter, skal hunder holdes i bånd eller forsvarlig innestengt eller inngjerdet i tiden f.o.m. 21. august t.o.m. 31. oktober.

3. Med hjemmel i hundelovens § 6, 2. ledd, pkt. e, er det fastsatt helårs båndtvang på følgende områder:

- FN-parken og kommuneparken ved Svelvatnet (fra Esso Vikeså Veiservice til det gamle meieriet)
- Turstier på Foreknuten, inkl. KM-løypa

- Deler av Pittergarden (Den delen som er mye brukt av barn)
- Turstier opp til Storafjellet
- Turstier til Solbergniben – (toppturer fra Kløgetvedt og Solberg)

- Tursti fra Bjerkreim skole til Åsen og videre fra Åsen til kommunegrensen

- Merka turstier i Hetlandsskogen.

Sikringsreglene i pkt. 1-3 gjelder ikke for hunder som brukes til de formål som er beskrevet i hundeloven § 9 (gjeting, ettersøk, tillatt dressur og trening, jakt osv.).

## VELKOMMEN TIL Å FØLGJE PÅ NETT:

### Sundag 3. mai kl. 11.00.

Familiegudsteneste fra Bjerkreim kyrkje.  
Takkoffer til Trusopplæringa.

### Sundag 10. mai kl. 11.00.

G3 fra Bjerkreim kyrkje.  
Takkoffer til NKSS(Laget).

### Sundag 17. mai kl. 09.30.

#### NB! Merk tidspunkt

Familiegudsteneste fra Bjerkreim kyrkje. Song av Hilde, Renate og Ellinor Moi. Takkoffer til Trusopplæringa.

### Kristi Himmelfartsdag, torsdag 21. mai kl. 10.30.

Andakt fra Bjerkreim kyrkje.

### Sundag 24. mai kl. 11.00.

Gudsteneste fra Bjerkreim kyrkje.  
Takkoffer til Kirkens bymisjon i Rogaland

### Sundag 31. mai kl. 11.00.

Gudsteneste fra Bjerkreim kyrkje.  
Takkoffer til Israelsmisjonen.

## TRENG DU NOKON Å SNAKKA MED?

Me lever i ein kvardag som er annleis. Ikkje veit vi kor lenge dette vil vara og kva konsekvensar korona-pandemien vil få. Mange kjänner seg åleine og er einsame - isolert frå samvær og fellesskap med andre.

Kyrkjekontoret er stort sett opent. Du er velkommen til å ta kontakt for samtale på vekedagar mellom kl. 09.00 og 14.00 på telefon 51201197 eller 51201198.

## TRAFIKALT GRUNNKURS

Det er nok påmeldte til at det blir oppstart av trafikalt grunnkurs 19.mai. Fyller du 15 år innan oppstartdato og vil melde deg på, følg lenka <https://tinyurl.com/trafikaltgk20>

Ta forbehold om at det kan bli utsatt. Følg med på våre nettsider.

## Gud kan vende det onde til det gode

«Også dere er engstelige nå. Men jeg skal se dere igjen, og hjertet deres skal glede seg, og ingen skal ta gleden fra dere.» Joh 16,22

Slik leser vi i en av søndagenes bibeltekster i mai. Tiden er virkelig inne for trøst og håp. Mange er ensomme, mange er redde og engstelige. Ingen av oss vet hvordan fremtiden blir. Hvordan ser verden ut når tåken har lagt seg? Hvor mange av våre planer går i vasken? Hvor lang tid vil det gå før alt er tilbake til normalen? Når kan vi møtes igjen på ordentlig?

På swahili har de et ordtak som høres slik ut: «*Milima haikutani lakin binadamu hukutana!*» Oversatt blir det: «*Fjell møtes ikke – men mennesker møtes!*». I ordtaket forstår vi at vi har et grunnleggende behov for å omgås andre mennesker. Mister vi den muligheten blir de fleste av oss ensomme og engstelige. Vi er ikke som fjell.

Men i verset fra Johannesevangeliet leser vi om et møte som er større enn at mennesker møtes. Nemlig at Kristus vil møte mennesker! Vi er ikke skapt til å være alene. Gud kommer deg og meg i møte gjennom Jesu død og oppstandelse. Midt i døden brøt Livet seg frem, dødens lenker brast og gav oss håpet om det evige liv.

Troen på Jesus beskytter hverken mot koronaviruset eller andre vanskeligheter i livet. Men troen er som et frø, plantet av Gud, som spirer selv i den tørreste jorden. Der hvor alt håp er ute, ja selv hos de med et sønderknust hjerte, kommer han oss i møte og skaper en varig glede som ingen kan ta fra oss.

Trosopplærer



## KORONA OG KYRKJA SINE ARRANGEMENT.

Kyrkja fylgjer lokale og sentrale styresmakter sine råd og rettleiingar.

Det blir nettgudstenester fra Bjerkreim kyrkje kl. 11.00 i tida framover. I tillegg blir det send andakt kvar torsdag kl. 10.30.

Alle arrangement er avlyst fram til 15.juni, og det kan bli lenger.

Lenke til sendingane finn du på bjerkreimkyrkja.no og Facebook: Bjerkreim sokn.

**Dåp** kan meldast inn som vanleg og det blir dåpsgudsteneste for dei som avtalar dåp.

**Vigsle** er ei prioritert teneste og kan gjennomførast.

**Gravferd** blir gjennomført med nærmaste familie.

**Tiltak innan trusopplæring** er avlyst inntil vidare, men følg med på nettsida og på facebook-sida vår – der forsøker vi å lage digitale alternativ.

**Konfirmasjonsgudstenestene.** Soknerådet skal fastsetja datoar på møtet 28.04.20.

Datoar blir kunngjort på nettsida like etterpå, men vil vera under føresetnad av at det er i tråd med helsefaglege, lokale og sentrale styresmakter sine råd og rettleiingar.

## Velkommen til kyrkjekontoret.

Nesjane 5, Vikeså  
Postadresse:

Postboks 38, 4384 Vikeså.  
Telefon: 51201198/97,  
E-post: post@bjerkreimkyrkja.no  
Heimeside: bjerkreimkyrkja.no  
facebook.com/bjerkreimkyrkja/

## NYTT FRÅ INNOVASJON NORGE

**Ny- og påbygg av kufjøs** til 15 – 30 mjølkekryr har spesielt høg prioritet også i 2020. Det vert ikkje stilt krav til auka mjølkeproduksjon, då grunn-laget skal vera fornying av eksisterande drifts-omfang. Maks tilskotssats er 35 % av godkjent kostnadsoverslag. Øvre grense for tilskot er 2 millionar pr. prosjekt. Dersom du bygg i tre som hovudmateriale i vegg og takkonstruksjonar, kan du i tillegg få inntil kr. 400.000 i ekstra tilskot.

Bygga må plasserast slik at det er godt tilrettelagt for aktiv beitebruk, og med minst mogeleg tap av jordbruksjord.

Skal du byggja nytt sauhus, kan du få tilskot – dersom du bygg i TRE.

Ved **generasjonsskifte** kan det gis tilskot til personar under 35 år som i samband med eigarskiftet treng å gjennomføra mindre investeringar (inntil kr. 1,5 millionar) for å oppretthalda produksjonen. Tilskot med inntil 50 % av godkjent kostnadsoverslag, for kvinner inntil 70 %.



INR gir framleis tilskot til bygging av **gjødsellager**. Det er krav om 10 månaders lagringskapasitet til

dagens dyretal etter utbygginga. Tilskotet er på 20 % av kostnadsoverslaget, men maks. 100.000 kr/bruk.

Mengde gjødsel pr. ku har auka som følgje av endring av både fôring, avdrått og fjøssystem. Det meste av haustspreiinga skuldast manglande lagerkapasitet. Har du for lite gjødsellager, bør du vurdera å byggja nytt nå som det enno er høve for å få tilskot.

Manglande eller mangefull gjødslingsplan vil føra til avkorting av areal- og kulturlandskapstilskotet med inntil 20 %. Det kan fort verta unødig dyrt.

Ein god gjødslingsplan vil gje grunnlag for rett utnytting av næringsstoff, og avling av god kvalitet. Som ekstra bonus kan planen spara deg for store beløp årleg, ved betre tilpassa mengde og gjødseltypar.

## GJØDSLINGSPLANAR

Føretak som disponerer meir enn 5 gjødseldyre-einingar som tilsvarer dette antalet av dei ulike dyreslagene: 5 kyr, 15 storfe, 35 vinterfôra sau, 100 slaktegris og 500 høner, skal etter regelverket ha årleg gjødslingsplan. Føretak som har mindre enn 5 gjødseldyreeiningar kan ha 5-årig gjødslingsplan, men dette må vera godkjent av kommunen.

No har mange i Bjerkreim teke jordprøvar i haust, og fått utarbeidd ny plan for 2020 saman med NLR/Forsøksringen. Dette skal visa all planlagt gjødsling med husdyr- og mineralgjødsel på eige og leigd dyrka jord og innmarksbeite som er godkjent som spreieareal. Mottek du husdyrgjødsel frå andre, eller andre disponerer spreie-areal på jorda du driv, er det du som er ansvarleg for at mengd gjødsel som vert spreidd, går fram av planen din. Husk å ta vare på kvitteringane for mottak av husdyrgjødsel, der det skal gå fram dato og kva type gjødsel og mengde som er levert.

## INFORMASJON



Befaring og tilbud: 954 27 311

PITTERGARDEN VIKESÅ  
📞 415 14 836, 481 81 804

Ull produkter, håndverk  
Lokaler med sær preg:  
Årmålsdager, events, konserter.  
Inn på Tunet "Trygg med hest", for barn  
Arkitekter MNAL, NIL. www.arkaarreberg.no. Tlf 481 81 804



# INFORMASJON

## Gitar og Handverk DA



Vi leverer blomsterdekor på bestilling,  
gitarreperasjoner og rekvisitasalg.

Heiavegen 70, 4389 Vikeså Telefon 900 18 689/952 37 450  
[www.gitaroghandverk.no](http://www.gitaroghandverk.no)  
e-post: [gitar-handverk@hesbynett.no](mailto:gitar-handverk@hesbynett.no)



## ADVOKAT1

ADVOKAT MONICA SOLBERG-LEINEBØ

Alminnelig praksis.  
Åpent etter timeavtale på «Malerloftet», 4389 Vikeså  
Tlf 924 69 775 / 4000 3150  
[solberg@advokat1.com](mailto:solberg@advokat1.com), [www.advokat1.com](http://www.advokat1.com)

Bjerkreim  
legekontor  
51 20 43 30

[www.bjerkreimlegekontor.no](http://www.bjerkreimlegekontor.no)

Sjå nettsida vår:  
- for korona-tiltak  
- om videokonsultasjon  
- viss du er interessert i  
jobb på legekontoret



## EXTRA

Extra stort utvalg til extra lave priser

COOP EXTRA VIKESÅ  
MAN-FRE 07.00-22.00 LØR 08.00-21.00

COOP BYGGMIX/LANDBRUK  
MAN-FRE 08.00-18.00 LØR 09.00-16.00

COOP MARKED BJERKREIM  
MAN-FRE 08.30-20.00 LØR 08.30-18.00



Telefon 51 49 13 04



## NÅ ER FLÅTT- SESONGEN I GANG

ta kontakt for forebyggende  
behandling !

Heste- og stordyrpraksis: Tore Malmei 900 59 222

Kontortid: 08.00 - 09.30

**Dyrlege Marit Brevik, Vikeså  
Tlf. 95141920**



Kiropraktisk behandling av dyr  
Kastrering og sterilisering  
Kirurgi  
Digital røntgen  
ID-merking  
Vaksinering  
Tannbehandling

**Vikeså veterinærkontor  
Vakt telefon alle dyr  
Tlf. 51 45 21 65**

P.g.a. koronakrisen har vi tilpasset  
våre åpningstider, se FB siden vår.

17. mai blir det drive in take away  
i tillegg til kafe hos oss .

Husk å holde avstand, vask hender, velkommen!



**VIKESÅ  
VEISERVICE AS**

4389 VIKESÅ – Tlf: 51 45 97 00

- Kafé
- Turistinformasjon
- Fiskekart m.m.

**VELKOMMEN INNOM!**